



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2613 - 16/10912

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
31.05.2016

## Høyringsbrev - GBNR 54/1, Bringeneset i Meland kommune - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen - Oppføring av naust og utfylling i sjø

### Saka gjeld:

Bernt Johan Husebø har ved søknad journalført motteke 6.4.2016 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona for følgjande tiltak:

- Oppføring av naust med grunnflate 48 m<sup>2</sup> og saltak med takvinkel 27°.
- Utfylling i sjø for etablering av tilkomstveg og parkering ved nytt naust

Tiltaka er skildra i teikningar og illustrasjonsskisser vedlagt søknaden.

Bergen og Omland Havnevesen har ikke hatt tiltaket til uttale.

### Planstatus:

Naustet er omsøkt oppført på ein del av eigedommen som i gjeldande kommuneplan er avsett til naustføremål (NA\_15) med opning for 3 nye naust i planperioden. Sjøarealet utanfor er avsett til flytebrygger. Tal på båtplassar er ikkje spesifisert i KPA, men må halde seg innanfor avsett areal.

Utfylling i sjø for etablering av tilkomst og parkering krev dispensasjon frå LNF-formålet i KPA.

Byggjegrænse mot sjø for naust er satt til 0 meter, jf KPA punkt 1.6.1. Nærare føresegn om krav til utforming av naust er gitt i føresegn 1.6.14 til KPA.


KPA Punkt 1.6.8 har følgjande ordlyd;

«I tilknytning til område for småbåthavn kan det byggjast tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass, parkering o.l. på land.»


For kvar 3. båtplass blir det stilt krav om 1 parkeringsplass. Dette er minimumskrava i KPA, jf pkt 1.6.9 tabell 4. Parkering i samsvar med krava blir vurdert å ligge innanfor KPA punkt 1.6.8.

Tiltaket utløyser ikkje plankrav, jf KPA føresegn 2.1.1.

Planstatus i KPA (over ortofoto):



Situasjonskart vedlagt søknad:



Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak krev dispensasjon på følgjande punkt:

- Storleik på naust over 40 m<sup>2</sup>, jf KPA føresegn 1.6.14
- Takvinkel på naust ikkje mellom 35°-45°
- Byggjegrænse mot sjø for utfylling i sjø både i LNF-område og innanfor naust-/flytebyggje-områda

Søknad om dispensasjon:

Tiltakshavar har søkt om dispensasjon og grunngitt søknaden gjennom vedlegg B-1 til søknaden, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilskap.

### Nabovarsling:

Naboane er varsla om dispensasjonssøknaden i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det blir søkt dispensasjon frå. I § 1-1 i plan -og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, blir sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

### Førebels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Etter administrasjonen si førebelse vurdering synast tiltaket i hovudtrekk å vere i samsvar med overordna plan. Fordi kommuneplanen ikkje legg opp til detaljavklaring av ulike tiltak og konkret stadstilpassing av desse (her: grunntilhøve og utforming av eksisterande naust på staden, har det likevel oppstått trong for dispensasjon. Nokon vesentleg tilsidesetting av strandsoneomsyn eller LNF-omsyn synast det ikkje å vere tale om, men her avventer kommunen høyringsinstansane sine eventuelle merknader.

### Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon med nabovarsling

**Vedlegg:**

kart, bilder

nabovarsel

5175N-Opplysningar\_om\_ytre\_rammer

Søknad om dispensasjon for naust, flytebrygge og båtopphal på Husebø, gbnr 54/1, - utfyllende opplysningar.

Situasjonskart

REFERAT FORHÅNDSKONFERANSE BYGGESAK

**Kopi til:**

Rolf Husebø

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga 5020

BERGEN